

Til

Ordfører Jan Ove Tryggestad

Stranda kommune

Stranda, 12.06.2019

### **Spørsmål om lovfesta rett til leirskuleopphald**

Den 4. juni 2019 fyrstegongshandsama Stortinget sak om lovfesta rett til leirskuleopphald. Det er tverrpolitisk semje om intensjonen med loven – at dagens leirskuleordning skal vidareførast, og fleirtalsregjeringa si innstilling vart vedteken.

Ny § 13-7 b skal lyde:

***§ 13-7 b Plikt for kommunen til å tilby leirskuleopphald eller annan skoletur  
Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskuleopphald eller  
annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng.***

Saka skal om kort tid opp til andregangshandsaming på Stortinget då dette er kravet ved ei lovendring.

Stranda Høgre ber om at kommunestyret får ei orientering om kva ei slik lovendring vil bety for Stranda kommune.

Vidare ber Stranda Høgre om at det vert lagt fram ei sak på første kommunestyremøte til hausten om korleis Stranda kommune ser for seg i praksis å sikre lovfesta rett til leirskuleopphald for alle elevar i grunnskulen. Det er sjølvstykkt ein føresetnad at lovendinga vert vedteke ved andregangshandsaming.

Stranda Høgre

v/ Elisabeth A. Opsvik